




Friluftsliv

Å få elevane til å meistre og oppleve naturen under ulike forhold er eit av måla for leirskuleopphaldet.

Velkommen til leirskulen!

På leirskulen satsar me alt på at de skal **lære** noko viktig. Me satsar på at de skal **meistre** ting de ikkje har meistra før, og så satsar me på at de skal ha det kjekt i lag med kvarandre og **oppleve** mykje spennande og positivt.

Me stiller med hus, seng, mat, lærarar og anna som trengst for at det skal vere spennande, trygt og bra å vere her.

Me legg til rette, men er også avhengige av dykk, både elevar og lærarar for at det skal bli eit godt opphald og ei utbytterik veke.

Saman skal me greie det. Difor er det viktig at både lærarar og elevar gjer seg kjend med innhaldet i heftet og gjer dei naudsynte førebuingane.

Kunnskapsløftet eller læreplanen seier kva elevane skal kunne på ulike område. Me meiner leirskulen kan hjelpe til med å oppnå litt av det, i våre omgjevnader og på våre måtar.

Dyrkolbotn, 2. januar 2017

Beste helsing

Signhild Dyrkolbotn (pedagogisk leiar)
Tel. 90680100
post@dyrkolbotn.com

Kart og kompass

er eit hovudtema ved leirskulen. Målet er at elevane skal kunne ta seg fram i ukjent terreng når dei har vore på leirskulen ei veke

Elevane får prøve seg i praksis, både rundt leirskulen og ute i terrenget.



Innhaldsliste

Føreord	2
Kontaktinformasjon, telefon, adresse	2
Undervisninga	3
Mål	3
Rammer, arbeidsmåtar og vurdering	3
Fagleg innhald	4
Obligatoriske emne	4
Bruk av kart og kompass	4
Friluftsliv	5
Skileik	6
Førstehjelp	6
Fjellgardane	6
Valemne	7
Friflutsliv med overnatting	7
Friflutsliv utan overnatting	7
Garden og grenda	7
Litt av kvart	8
Grave og bygge i snø	8
Andre valemne og ynskjemål	8
Program	9
Ein dag på leirskulen	9
Ei veke på leirskulen	9
Arbeidsgrupper	10
Dagboka	10
Underhaldning	10
Fritida	10
Kveldsaktivitetar	10
Kiosk	10
Elevtelefon	10
Utstyr	11
Må ha med	11
Til utebruk	11
Til innebruk	11
Tillegg for vinter	11
Kjekt å ha med (frivilleg)	11
Reglane våre	12
Økonomi og reise	13
Ansvar og roller	14
Planlegging	15
Hugseliste for lærarar	16
Hugseliste for elevar	17

Føreord

Heftet er for dei som skal førebu leirskuleopphald for mellomsteget (5., 6. eller 7. årssteg) og for ungdomssteget (8., 9. eller 10. årssteg). Leirskulen kan også lage opplegg for barnehagar, småskulesteget og for vidaregåande skule. Ta kontakt!

Heftet er for eit fem dagers opplegg. Me kan også utarbeida opplegg for kortare tid, både eindagsopplegg og for to og tre dagar. Ta kontakt!

Me kjem gjerne på besøk for å snakke med både elevane, lærarane og foreldra. Me tek kontakt når opphaldet nærmar seg.

Me følgjer ordtaket om at godt planlagt er halvt gjennomført.

Og så ønskjer me dykk velkomne til leirskulen!

KONTAKT

Dyrkolbotn Leirskule
Dyrkolbotn 119
5994 Vikanes

Driftselskap: Dyrkolbotn Fjellstove AS
Organisasjonsnummer: 917438129 mva
Bankkontonummer: 3705.32.24467

E-post:
post@dyrkolbotn.com

Heimeside
<http://www.dyrkolbotn.com>

Telefon:
90680100 (kontor/pedagogisk leiar)
90580100 (elevtelefon)

Signhild Dyrkolbotn (pedagogisk leiar)
Åsmund Nyvang (dagleg leiar)



Dyrkolbotn Fjellstove der leirskulen held til, ligg i Lindås kommune ved E39 mellom Bergen og Førde.

På vel ein time frå Bergen sentrum og vel to timar frå Førde er du på leirskulen, om du køyrer bil eller buss.

Dyrkolbotn Leirskule har vore i drift sidan 1975 då bygningen var ny.

Her er plass til fire, fem klassar og inntil 100 personar på 24 rom med eige bad og toalett.

MÅL

Me har som mål at elevane både skal lære, oppleve og meistre når dei er på leirskulen.

Gjennom leirskuleopphaldet skal elevane:

- ▲ lære om naturen
- ▲ lære om bygdesamfunnet før og no
- ▲ lære og oppleve eit enkelt friluftsliv
- ▲ oppleve å tilhøyre eit stort sosialt fellesskap der kvar enkelt er med og påverkar.
- ▲ meistre utfordringar som naturen og aktivitetane byr på.
- ▲ meistre å ta ansvar i lag med andre
- ▲ tenkje sjølv og tenkje saman med andre. Øving i demokrati

Leirskuleopphaldet skal vere eit tiltak for å nå mål i læreplanen for grunnskulen, både den generelle delen og fagdelane.

RAMMER, ARBEIDSMÅTAR OG VURDERING

Me brukar heile leirskulen, naturen med vatn, elvar og fjell og samfunnet kring skulen i undervisninga. Me legg opp til varierte arbeidsmåtar med individuelle oppgåver, aktivitetar og arbeid i store og små grupper.

Elevane får oppgåver knytt til måltid og orden på skulen, organisert i arbeidsgruper. Me har gjennomgangar og planlegging der me prøvar å gje elevane medverknad. Og me har turar og aktivitetar ute i store og små grupper.

Me vurderer heile tida det me gjer, og me vil at både klasselærarar og elevar skal kome med synspunkt og idear til slik me gjer det.

Me brukar natur, lokalsamfunn og dyr i undervisninga. Nytt frå 2016 er geitestøl med mjølking og ysting av ost rett utanfor stovedøra.

Geitene er ikkje her om vintrane, då er dei på Hole på Osterøy.



FAGLEG INNHALD

Obligatoriske emne:

Leirskulen har fem obligatoriske emne: Bruk av kart og kompass, friluftsliv, om fjellgardane, skileik og førstehjelp. Skileiken er sjølvsagt berre om vinteren, og erstattar då ein del av opplæringa i kart og kompass.

Bruk av kart og kompass (haust og vår - og litt om vinteren)

Me legg mest vekt på at elevane skal lære å lese kart. Kunnskapsløftet (LK06) har klare kompetansemål både etter 7.årssteg og etter 10. årssteg.

Alt fyrste dagen skal dei finne fram etter kart nær leirskulen. Seinare i veka brukar me ein dag til emnet.

Me har ei inneøkt med aktivitetar for å lære karteikn, målestokk og litt kompass. Elevane får så prøve seg ute i terrenget. Åleine eller saman med ein eller to andre skal dei ved hjelp av kart og kompass finne postar.

Kart og kompass brukar me også på opplevingsturen.



Kunnskapsløftet om kart og kompass:

I kroppsøving:

- orientere seg ved hjelp av kart og kompass i kjent terreng (etter 7.)

- orientere seg ved hjelp av kart og kompass i variert terreng, og gjere greie for andre måtar som ein og kan orientere seg på. (etter 10.)

I matematikk:

- bruke målestokk til å berekne avstandar og lage enkle kart og arbeidsteikningar (etter 7.)

I samfunnsfag

- lese, tolke og bruke papirbaserte og digitale kart og kunne bruke målestokk og karteikn (etter 10.)

Leirskulen har eige orienteringskart

Friluftsliv med opplevingstur (haust, vår og vinter)

Dette er det andre hovudemnet på leirskulen. Ein felles opplevingstur for alle er obligatorisk. Til vanleg går turen den neste siste dagen, torsdagen. Turmålet er ofte ein av dei høgaste fjelltoppane i området, men ein flatare tur kan også velgast.

Me er ute frå om lag kl.10 til om lag kl. 16. På turen kan elevane få praktisert det dei har hatt tidlegare i veka, om klede og utstyr og bruk av kart og kompass.

Me legg opp turane slik at alle kan vere med. På dei flataste turane får vi god tid til å raste, laga bål og koka suppe på stormkjøkken. Målet med turane er at elevane skal få ei positiv oppleving av det å vere ute i naturen, også om veret ikkje er så godt.

Friluftsliv kan også veljast som valemne, både utan og med overnatting ute. Me brukar ein heil dag medrekna planlegging og førebuing. Og så ei natt ute for dei som vil det. Om våren og hausten set me som regel fiskegarn kvelden før. På dagen trekker me garna, sløyer og reinskar fisken og steiker han på bål eller stormkjøkken. Me lagar også anna mat på stormkjøkkenet. Me ordnar oss ein god leirplass, og for dei som vil overnatte ute ordnar me til telt, lavvo eller anna. Med godt vør er det mange som vil overnatte under open himmel. Om vinteren kan det bli aktuelt med overnatting i snøhole, om forholda er gunstige.

Kunnskapsløftet om friluftsliv:

Etter 7. årsteg skal elevane kunne:

- planleggje og gjennomføre frilufsaktivitetar og praktisere trygg ferdsel under varierte vørforhold.
- planlegge og gjennomføre overnattingsturar, eventuelt ved hjelp av digitale verktøy.

Etter 10. årsteg skal elevane kunne:

- praktisere ulike former for friluftsliv i ulike naturmiljø
- planleggje og gjennomføre turar til ulike årstider, medrekna overnatting ute.



Skileik (vinter)

Me lagar skiløypene saman, med kular og staup, orgeltramp, hoppbakkar og løyper. Me kan spela handball med ski på beina og mykje anna. Målet er at elevane skal lære grunnleggjande skiferdigheitar både på flate og i bakkar, og så oppleve skiglede.



**SKITEKNISK ØVING
FOR TURBRUK:**
Elementære teknikkar for å
ta seg fram effektivt i mote,
utforbakke og på flat mark."

Kunnskapsløftet om ski:

Etter 7. årsteg skal elevane kunne

- utføre varierte aktivitetar som byggjer opp kroppen på ulike måtar
- utføre basisferdigheiter i individuelle idrettsaktivitetar, med og utan bruk av apparat og småreiskap
- praktisere ski- og skøyteteknikkar der det ligg til rette for det.

Etter 10. årsteg skal elevane kunne

- vere med i eit breitt utval av idrettar (10. årsteg)

Førstehjelp

Førstehjelp er også eit av dei obligatoriske emna ved leirskulen. Dei fleste vil på eit eller annan tidspunkt kome i situasjonar der det er behov for å yte hjelp eller få hjelp, sårskadar, besviming, beinbrot eller liknande. Mange uhell kan unngåast med god planlegging, men det er også viktig å vere førebudd på uhell som kan skje.

Kunnskapsløftet om førstehjelp:


Etter 7. årsteg skal elevane kunne:

- utføre enkel førstehjelp

og etter 10. årsteg:

- forklare og utføre livberging i vatn og livbergande førstehjelp

Fjellgardane



Som ein «raud tråd» gjennom veka lærar vi om korleis livet har arta seg i Dyrkolbotn opp gjennom tidene. Det skjer til dømes gjennom spennande historier frå gamle dagar, og å få prøva seg på gamaldags matlaging. Sommaren 2016 fekk vi i drift ein geitestøl like ved leirskulen, og våren og hausten får elevane vera med på stølsarbeid, som å stelle med geitene og å koka geitost.

Valemne

Ein av dagane er sett av til valemne. Kvar klasse kan dele seg i to valemne, for at fleire skal få gjere ting dei er interessert i og har lyst til å gjere. På valemnedagen deler me så elevane inn etter vala på tvers av klassene. Er det berre nokre få som vè eit valemne, kan me ikkje love at dei får det.

Me har for tida desse valemna:

1. Friluftsliv med overnatting

Sjå omtale under friluftsliv under obligatoriske emne. Dette tilbodet inkluderar matlaging ute, etablering av leirstad og overnattingsplass og overnatting ute.

2. Friluftsliv med leirliv og/eller fjellklatring

Sjå omtale under friluftsliv under obligatoriske emne. Dette tilbodet inkluderer rappellering og matlaging ute. Litt læraravhengig: iblant kan vi tilby utvida kurs i fjellklatring. Sei ifrå om klassen ynskjer dette.

3. Garden og grenda


Målet er at elevane skal lære litt om korleis det er å leve og arbeide på eit gardsbruk. Dei skal få kjennskap til ressursar og livsgrunnlag for grenda, og samspelet med storsamfunnet.

Me snakkar om gardsdrift i dag og i tidlegare tider. Elevane vitjar eit moderne gardsbruk i bygda der dei har kyr, sauer og høns. Ofte får me hoppa i høyet. Me køyrer med buss eller privatbiler ned til Romarheim.

Etter 7. årsteg skal elevane kunne

-forklare samanhengar mellom naturressursar, næringar, busetnad og levevis

Me kan også vitja eit nedlagt bruk med spennande historie, og me kan lage mat på gamlemåten, til dømes prøva å kinne smør. Me prøvar også å gje tilbod om hest på leirskulen eller på nabogarden.




4. Litt av kvart (om vinteren)

Dette er eit valemne om vinteren. Aktuelle aktivitetar er iglobygging, snøholegraving, skileik, luftgeværskyting, isfiske, førstehjelp og køyring med trekkhundar. Hundekøyring er avhengig av at vi får leigd inn folk med hundar og slede.

Elevane vert delt i grupper og går frå stasjon til stasjon. Såleis får dei vere med på alt i løpet av dagen.

5. Grave og bygge i snø

Å grave seg ned i snøen er kjekt, og det er nyttig å øve seg på for den som går turar i fjellet om vinteren. Vi kan grave både naudbivuakk – raskast råd ned i snøen -, og andre byggverk.



Bygging av levegg, snøhole og iglo er aktivitetar elevane kan få prøve om dei vel litt av kvart som valemne om vinteren. Elevane kan også velge å bruke heile valdagen på graving og bygging i snø. Det kan bli aktuelt å overnatte i snøhole om vi klarar å bygge gode og store nok snøholer.

Andre valemne og ynskje:

Me kan også utarbeide dagsopplegg for andre valemne. Det kan vere historien om 2. verdskrigen i området, vatn som økosystem og ressurs, elvekraftverk, eller skogen som økosystem og ressurs.

Dersom klassen har spesielle ynskje om kortare eller lengre opplegg og aktivitetar, så vil vi prøve å imøtekomme dette så langt vi kan. Til dømes: Ekstraøkt orientering (meir om kompass), luftgevær, rapellering, Ekstra skileik, lefsebaking, toving med ull, tur til Gamlenipo m/historieforteljing, aking, ekstra kanopadling..... Gje oss gjerne ei prioritert ynskjeliste.

Dei siste åra har vi leigd inn hestar som har gått ved leirskulen, og sommaren 2016 kjøpte vi islandshesten Draupnir. Vi held fram med frivillig hesteriding eit par kveldar i veka på barmark.

Om vintrane har vi nokre gonger klart å få hit hundar som vi har nytta til sledekøyring for leirskuleelevar. Vi arbeider med å få etablert dette som ei fast ordning.

PROGRAM

Ein leirskuledag

Ein dag på leirskulen frå morgon til kveld ser vanlegvis slik ut:

- 07.30 Vekking og morgonstell
- 08.00 Frukost med smøring av nistepakke.
- 09.15 Samling med planlegging og gjennomgang av tema.
Uteaktivitetar med matpause fram til om lag kl. 15.00
- 16.30 Middag.
- 17.30 Dagbokskriving.
- 18.00 Lærarmøte (rydd romma imens!)
- 19.00 Romsjekk.
- 19.30 Kiosk (ta med småpengar)
- 20.00 Underhaldning om lag ein halv time. Etterpå er det musikk og dans i storsalen. Klassane har ansvaret kvar sin kveld.
- 21.00 Enkel kveldsmat for dei som vil ha (t.d. mjølk og gryn).
- 21.45 Samling ved peisen i storsalen
- 22.00 Til romma og til sungs.
- 23.00 Stille på huset til morgonsignalet kl. 07.30.

Ei leirskuleveke

Veka på leirskulen ser om lag slik ut:

Måndag

Velkomst og utdeling av rom
Lunch inne, medbragt matpakke
Bli-kjent-runde inne på huset
Uteøkt med ymse aktivitetar:
Orientering, kanopadling,
førstehjelp, skileik, geit/hest/hund

Tysdag

Bruk av kart og kompass
Kle og utstyr
Kanopadling. Om vinteren skileik.

Onsdag

Valemne:
Me deler inn i grupper etter kva elevane har valt.

Torsdag

Felles opplevingstur: De skal nå eit mål og bruke det de har lært tidlegare i veka.

Fredag

Pakking og rydding.
Avslutning.
Heimreise.

Programmet kan verte endra.

Arbeidsgrupper

Elevane må på førehand delast inn i arbeidsgrupper på 4-6 personar. Gruppene skal gjere ulike praktiske oppgåver, som å dekke på til måltida, kjøkkenarbeid og rydde opphalds- og utstysrom. Alle må ta sin tårn etter tur. Arbeidsgruppene vert og nytta i samband med undervisninga. Gruppene bør settast saman i god tid før opphaldet og kvar gruppe bør ha ein leiar.

Dagboka

Elevane skal skrive dagbok/logg kvar dag rett etter middag. Klasselærer eller elevane sjølv må ha med bøker og skrivesaker. Dagbøkene kan seinare vere utgangspunkt for skriftleg arbeid på skulen.

Underhaldning

Kvar klasse skal ha om lag ein halv times program ein av kveldane. De vel sjølv kva de vil gjere, men det kan vere song, musikk, stafettar, konkurransar, opplesing, sketsjar, leikar og anna. Det er viktig å førebu dette før de kjem på leirskulen.

Fritida

Det er mykje program heile tida, men ein del tid bestemmer elevane over og kan gjere det dei har mest lyst.

Det er fint turterreng rett utanfor skulen. Og det er plass til ulike ballspel. Inne har me ymse spel som sjakk, ludo, bordtennis m.m. Leirskulen har også musikkanlegg. Ta gjerne med cd-plater.

NB!! Me satsar på **ei elektronikkfri veke**. Mobiltelefon, pc, radio, mp3-spelar, ipod eller liknande er ikkje velkomne på leirskulen. Dei bygger ikkje opp det sosiale fellesskapet me jobbar for å få til.

Kanoane i Heimavatnet kan nyttast når ein vaksen er med. Har du med deg fiskestang kan du også bruke den om ein vaksen er med. For elevar på leirskulen er det gratis å fiske i Heimavatnet.

Kveldsaktivitetar

Minst ein av kveldane er det tilbod om organiserte aktivitetar etter middag. Elevane kan velje mellom ulike aktivitetar. Døme: hundekøyring, riding, kanopadling, rappellering, luftgeværskyting, spikking og lefsebaking. Tilboda vil variere. Kom gjerne med ynskje om kveldsaktivitet

Kiosk

Leirskulen har ein liten kiosk. Til vanleg er kiosken open frå 19.30 til 20.00 kvar dag. Me har brus, potetgull, sjokolade m.m. Ta med småpengar/mynt. Om alle har med seg ein 200-lapp, stoppar kiosken fort opp på grunn av mangel på vekslepengar. Vi har ikkje bankterminal.

Elevtelefon

Vi har ein elevtelefon til gratis utlån. Den kan elevane bruke på fritida til å ringe ut, og foreldre kan ringe inn. Elevtelefonen har nummer 90 58 01 00.

Om noko hastar kan ein sjølv sagt også nytte hovednummeret til leirskulen: 90 68 01 00

UTSTYR

Om du ikkje har alt utstyret treng du ikkje kjøpe nytt og dyrt. Du kan kanskje låne av kjente, eller du kan kjøpe brukt. Kle og utstyr må vere godt å bruke og treng ikkje å vere siste mote.

Til utebruk:

- Fjellsko eller gummistøvlar med plass for tjukke labbar.
- Tursekk med god støtte i ryggen (ikkje liten tøysekk).
- Termos med kopp eller plastflaske.
- Skei (til tur-suppe)
- Langt ullundertøy.
- Ullgensar eller ulljakke
- Ullabbar.
- Jakke og bukse som er vatn- og vindtett (regntøy)
- Vottar. Helst ull
- Lue. Helst tjukk ull eller pelslue
- Sovepose og liggeunderlag for dei som skal ligge ut.

Spesielt for vinter:

- Skistøvlar i staden for andre støvlar. Helst impregnerte
- Turski.
- Stavar.
- Gamasjar? (hindre snø i skoa)
- Viktig med jakke og bukse som er vasstett og vindtett.
- Viktig med fleire skift av ullundertøy og sokkar.
- Leirskulen spanderar skismøring.
- Solbriller og solkrem

Til innebruk:

- Dynetrekk, laken og putevar.
- Tannkost og tannkrem.
- Handduk, såpe m.m.
- Undertøy.
- Sokkar.
- Innebukse, skjorte og genser
- Innesko som ikkje lagar svarte merke.

Kjekt å ha med (frivilleg):

- Fotoapparat.
- Lommelykt. (har du hodelykt?)
- Kartmappe.
- Kompass.
- Musikkinstrument.
- CD-ar.
- Fiskestang.
- Sitteunderlag.

Leirskulen har ein del ski, stavar og skistøvlar til gratis utlån. Me treng å vite høgde og skonummer på dei som vil låne på førehand.

Klede: Om ein ikkje tåler ull, eller ein ikkje har, så finst det alternativ til ull. Det viktigaste er at dei har om lag dei same kvalitetane som ull. Fleese-jakker er betre enn bomull.

Leirskulen har redningsvestar/flytevestar.

NB! Hugs å ha namnelapp på kle og utstyr! Hugs matpakke til fyrste dagen.

REGLANE VÅRE

Det viktigaste for leirskulen er at alle har det bra når dei er her. Ingen skal få lov til å øydelegge for andre. Me har også eit hus og ein natur som me vil ta vare på. Det gjer at me treng nokre reglar for korleis me skal oppføre oss.

Dei som ikkje kan rette seg etter reglane og øydelegg for andre, kan ikkje vere på leirskulen.

1. På leirskulen hjelper alle til med å halda orden på soveromma, i huset elles, og på leirskuleområdet. Far varsamt fram med inventar og utstyr.
2. Vi gjer alle vårt til at leirskuleopphaldet skal bli triveleg, ein lyt vera hjelpsam og imøtekomande og møta presis til undervisning og arbeidsoppgåver.
3. Ingen må gå bort frå leirskuleområdet utan løyve.
4. Vis naturvett! Respekter alt liv i naturen og ta omsyn til det som veks i naturen.
5. Vis god bordskikk.
6. All bruk av open eld må avtalast på førehand.
7. Alle elevane går til romma kl. 22.00.
8. På leirskulen skal ein ikkje bruka tyggegummi.
9. Frå kl. 23.00 til morgonsignalet går kl. 07.30, skal det vera absolutt ro i huset.

Brot på desse reglane fører til advarsel. Alvorlege og fleire brot kan føre til at eleven vert sendt heim for eiga rekning.

Forbudsreglar

1. Bruk av rusmiddel er forbode.
2. Røyking er forbode.
3. Det er ikkje lov å vitja andre sine rom mellom 22.00 og 07.30.

Brot på desse tre forbudsreglane fører automatisk til heimsending straks og på eiga rekning.



ØKONOMI OG REISE

Opphald og pris

Prisen frå skuleåret 2016/17 er 1.990 kr pr. elev for opphald frå måndag til fredag (hus og kost). Ein vaksen får gratis opphald, to om gruppa er over 15 elevar. For kortare eller lengre opphald må det avtalast eigen pris.

Opphaldsutgiftene må betalast samla for kvar gruppe til bank-konto 3705.32.24467. Leirskulen kan sende rekning til klassane sin kommune i ettertid.

Refusjon

Er det eit ordinært leirskuleopphald, skal heimekommunane refundere løna til leirskulelærarane. Skulane må skrive under på refusjonsgaranti før opphaldet. Etter opphaldet sender me refusjonskrav til kommunane. Kommunane får pengane attende frå fylkesmannen som eit øymerka tilskot. Dette øymerka tilskotet vert berre gjeve til klassar i offentlege skular, ikkje til private.

Depositum

De (kommunen) må betale eit despositum på 150 kr pr. elev når skulen har stadfesta tinginga. Summen vert trekt ifrå på rekninga for opphaldet. Depositumet skal betalast inn på konto 3705.32.24467.

Forsikring

Undersøk om skulen si elev-forsikring dekkjer leirskuleopphald. De må eventuelt teikne ei ekstra reiseforsikring. Leirskulen har ansvarsforsikring.

Knusegaranti

Fordi det hender at utstyr vert øydelagt eller vert borte har me innført ein knusegaranti som fast ordning. Me ber dei vaksne samle inn 20 kr. pr elev på barnesteget og 30 kr pr. elev på ungdomssteget i kontantar. Etter opphaldet får elevane tilbakebetalt summen heilt eller i samsvar med skade eller tap av utstyr ved leirskulen.



Reise

Om de ynskjer det, kan leirskulen ordne transport tur/retur. Me hentar då inn tilbod frå fleire aktuelle selskap. Me kan sende rekning på transportutgiftene etter opphaldet.

Første dagen må elevane ha med niste slik at dei greier seg fram til middag kl. 16.30

Heimreise er som oftest fredag kl 11.00

Men klassane kan gjerne vere her til etter lunch, dersom det høver for dykk å kome heim til skulen litt seinare på dag. Det vert litt rolegare om avreisen kan utsettast til 13-14 tida. Kva ynskjer de?

ANSVAR OG ROLLER

- ⚡ Pedagogisk leiar ved leirskulen har det overordna ansvaret for undervisningsopplegget.
- ⚡ Leirskulen har ansvaret for brannvakt om natta. Ein av leirskulelærarane har kveldsvakt, frå middag til leggetid, og står då til rådvelde for elevar og lærarar.
- ⚡ Klasselærer skal hjelpe til med at elevane møter til rett tid til undervisning, aktivitetar, arbeidsoppgåver og måltid.
- ⚡ Klasselærer skal leie dagbokskrivinga om lag ein halv time kvar dag etter middag kl. 18.00.
- ⚡ Klasselærer skal gjennomføre romsjekk kvar kveld kl. 19.00.
- ⚡ Klasselærer skal leie måltidet når arbeidsgruppe frå klassen har oppgåve på kjøkenet. Ein frå leirskulen leier fyrste måltidet.
- ⚡ Klasselærer skal ha ei nattevakt under opphaldet. Elevar som må ha kontakt med lærar i løpet av natta, kontaktar nattervakta, som igjen kan ta kontakt med klasselærer. Nattevakta kan legge seg når det er ro på huset.
- ⚡ Klasselærer er med klassen på undervisning og aktivitetar på dagtid. Leirskulelærer har ansvaret for opplegget. Rolle og funksjon vert avtala nærare med leirskulelærer.
- ⚡ Klasselærer skal saman med elevane førebu og gjennomføre underhaldning på om lag ein halv time ein kveld under opphaldet.
- ⚡ Klasselærer går inspeksjonsrunde om kvelden til sine elevar etter at elevane skal vere i seng.
- ⚡ Klasselærer skal ta avgjer i disiplinsaker som gjeld elevar i klassen. I saker som gjeld heile leirskulefellesskapet tek pedagogisk leiar ved leirskulen avgjerd i samråd med klasselærer.
- ⚡ Klasselærer har kontaktlæraransvaret så lenge opphaldet varer.

PLANLEGGING

Me tilbyr å koma på skulebesøk utan kostnad for dykk. Me vil gjerne møte elevane, lærarane og foreldra for å orientere og svare på spørsmål.

Me meiner det er viktig at de held foreldremøte der de gjer greie for leirskulen sitt opplegg og diskuterer utstyrsliste m.m. Dette kan eventuelt kombinerast med besøk frå oss.

Gå gjennom orienteringsheftet med elevane, både reglane og emna dei skal arbeide med. Utbyttet av leirskuleopphaldet vert betre med god førebuing.

Få opplysningar om skadar, sjukdommar, m.m. (t.d. allergi) hjå elevane og gje leirskulen melding slik at me kan ta omsyn til det i planlegginga og innkjøp av mat og utstyr.

Me har framlegg om maksimum 200 kr pr. elev i lommepengar (Ikkje 200-lapp, men gjerne mynt)

Drøft romfordelinga med elevane og send oss eit forslag. 4-7 elevar pr rom.

Lærarane får i regelen enkeltrom.

Ta med litt førstehjelpsutstyr, til dømes:

- 1 saks
- 1 rull gassbind
- 1 flaske pyriseptvatn (sårrens)
- 1 pk plaster
- 1 pk elastisk bind
- 1 pk paracet e.l.
- evt. reisesjuketablettar

Lærarmøte: Vi har møte med klasselærarane kvar dag kl. 09.00 og 18.00

Hugseliste for lærarar:

- ⤴ Del elevane i arbeidsgrupper (4-6 i kvar gruppe) og peik ut gruppeleiarar.
- ⤴ Utarbeide forslag til romfordeling (4-7 elevar pr rom)
- ⤴ Førebu underhaldning
- ⤴ Ta med førstehjelpsutstyr
- ⤴ Få opplysningar om skadar, sjukdommar og anna som leirskulen må vite.
- ⤴ Vel valemne. Send oversikt med namn 14 dagar før opphaldet.
- ⤴ Sjekk at depositum er betalt
- ⤴ Samle inn pengar til knusegaranti og ta med til leirskulen.
- ⤴ Klasseliste med namn. adresse og telefonnummer.
- ⤴ Merk av på klasselista om føresette ikkje tillet at eleven kan fotograferast. (Gruppebilete er vanlegvis OK). Kan vi bruke foto eller film i ettertid? Til dømes i informasjonsmateriell.

NB! Send tilbakemelding til leirskulen fjorten dagar før opphaldet om

- ⤴ Arbeidsgrupper
- ⤴ Romfordeling. Send namn på elevane som skal ligge på same rom.
- ⤴ Opplysningar om elevane som leirskulen må vite om (sjukdom, skadar, matallergiar m.m.)
- ⤴ Valemn
- ⤴ Eventuelt andre opplysningar leirskulen treng

Send tilbakemelding til:

Signhild Dyrkolbotn

E-post: post@dyrkolbotn.com

Telefon: 90 68 01 00

Hugseliste for elever:

- ⚡ ordne med utstyr og klede som du *må* ha med (sjå liste).
- ⚡ ordne med utstyr du har lyst til å ha med (sjå liste) NB! Ei elektronikkfri veke!
- ⚡ hugs namn på kle og utstyr.
- ⚡ ta med niste og drikke til fyrste dagen. Fyrste måltidet er kl. 16.30.
- ⚡ set deg inn i reglane som gjeld for opphaldet.
- ⚡ hugs lommepengar.
- ⚡ kom med idear til underhaldninga.
- ⚡ bestem deg for valemne.
- ⚡ hugs pengar til knusegarantien.
- ⚡ sei frå til klasselærar om skadar, sjukdom, mat eller anna som leirskulen må vite om.



Å ta seg ned ein ti meter høg fjellvegg eller sitte på hesteryggen for fyrste gong, er to av tinga elevane kan oppleve på Dyrkolbotn leirskule.

Foto av klatrevegg: Røza Michalec
Foto med hest: Avisa Nordhordland

